



KOPI

Vestafjell AS  
Midttunhaugen 10  
5224 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5541 - 16/1813

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
21.01.2016

## Ferdigattest for tomteopparbeiding - gbnr 233/155, 161, 162, 163 Eide Indre

### Administrativt vedtak. Saknr: 045/16

**Tiltakshavar:** Vestafjell AS  
**Ansvarleg søkjar:** A-STAB AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.03.2015 For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.01.2016.

### Skildring

Adresse:	Dyrhovden, ikkje tildelt nummer
Bygningstiltak:	Sprenging, planering av bustadtomter
Bygningsnummer:	-
Bruksareal:	-
Avlaup:	-
Vatn:	-
Tal på røykløp:	-

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for opparbeiding av tomt på gnr. 233, bnr. 155, 161, 162 og 163.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5541

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Vestafjell AS

Midttunhaugen 10 5224

NESTTUN

### **Mottakarar:**

A-STAB AS v/Knut Hjertholm

Midttunhaugen 10 5224

NESTTUN